



## 1 **VERN AV MENNESKERETTAR, FOLKERETTEN OG ØKOSYSTEMET VI TRENG**

---

2 Vestland fylke og alle verksemder i fylket har etter FN sine veileiande prinsipp for næringsliv  
3 og menneskerettar (2011) og Noregs nasjonale handlingsplan for oppfølging av dei (2015),  
4 sjølvstendige ansvar for å aktivt og systematisk gjennomføre forsvarlege  
5 aktsemdsundersøkingar med tanke på brot på menneskerettane. FN-prinsippa vert heldne  
6 for å vere ein rådande global standard og rammeverk som er inkorporert i andre standardar,  
7 som OECD-retningslinjer, ILO si erklæring om sosialt ansvar, bærekraftsmåla, nasjonale  
8 handlingsplanar i stadig fleire land, og grunnlag for lover i jurisdiksjonar, for eksempel i  
9 Frankrike (2017) og venta i EU og Sveits.

10 Undersøkingane skal ha mål om å gjere verksemdene i stand til å kunne vite at eiga verksemd  
11 eller samarbeidspartnarar ikkje krenkjer, men respekterer menneskerettar, og brukar  
12 påverknadskrafta si aleine eller saman med andre til å forebygge, stanse, rette opp eller  
13 dempe eventuelle brot på menneskerettane. Ved manglande vilje til positiv endring bør ein  
14 bryte samarbeid med dei som bryt menneskerettar. Øydelegging av miljøet råkar som regel  
15 til sjuande og sist mennesker og livsgrunnlaget vårt, og kan difor ende med å bli rekna som  
16 menneskerettsbrot.

17 Både fylkeskommuna og verksemdene har ansvar for å opprette trygge, kjente, reelle og  
18 effektive adgangar til å klage for varslarar og dei som meiner dei er råka av  
19 menneskerettsbrot.

20 Vestland SV vil:

- 21 • bli eit "menneskerettsfylke".
- 22 • etablere ansvarlege retningslinjer og rutiner for fylkeskommuna sine innkjøp og andre  
23 samarbeid.
- 24 • fremje forståing av alle verksemder sitt ansvar for å respektere menneskerettar.
- 25 • legge til rette for at verksemder effektivt kan ta ansvaret sitt på alvor ved å dele  
26 kunnskap om god praksis.
- 27 • bidra til å etablere ressursar og insentiv som mogleggjer og støttar iverksetjinga av  
28 det ansvarlege arbeidet i fylkeskommunen og i verksemdene i fylket.
- 29 • opprette ei kryptert, digital postkasse som eit kjent, lett tilgjengeleg og trygt  
30 kontaktpunkt for råka klagarar og varslarar om mogelege menneskerettsbrot.
- 31 • at fylkeskommuna ikkje skal kjøpe varer eller tenester frå områder under  
32 folkerettsstridig okkupasjon.

33 *Forslagsstillar: Kjersti Marie Grinde, medlem i Bergen SV*